

Eikefjord grendeutval

Boks 73

6940 EIKEFJORD

06.03.1989

Flora kommune
Formannskaskontoret

6900 FLORØ

RUTINAR FOR SAKSGANG ANDSYNES GRENDEUTVAL

I Eikefjord grendeutval har vi etterkvart fått inntrykk av at praksis i den kommunale forvaltninga med å sende saker over til grendeutvala til handsaming/fråsegn, i beste fall varierer frå gong til gong; i verste fall er heilt tilfeldig.

Eit par døme:

a) Knut Fotland sitt arbeid med vegserviseanlegg i Eikefjord. Her vart EGU tilfeldig kopla inn midt i sakshandsamingsprosessen. Ikkje ved oversending av sakstilfang, men ved at ein etatsjef kjem til å nemne for Fotland at det kan vere lurt å ha med uttale også frå EGU.

b) Bustadbyggjing i Eikefjord. På Nesjane har Flora tomteselskap lagt ut tomtar til sals. Dette les vi i presa. EGU har ikkje vore kontakta på noko steg i denne prosessen. Tidlegare har EGU m.a. i brev av 16.03.1988 til Flora formannskap, lagt fram sitt syn på framtidig bustadbyggjing i Eikefjord.

EGU har bygge- og reguleringsjef Jim Haugland sine ord for at det ikkje kan leggjast ut bustadfelt på Nesjane før spørsmålet om gang- og sykkelsti mellom Kvalvik og Eikefjord sentrum er ordna.


EGU vil gjerne bli orientert og oppdatert når det gjeld arbeidet med gang- og sykkelsti i ovanfor nemnde område.

Dette var to "tunge" saker. Fleire kunne nemnast, med det trengst ikkje. EGU vil gjerne spele på lag med kommunale styresmakter og etatar. Skal det kunne lukkast, må det vere ein førsesetnad at grendeutvalet får aktuelle saker tilsende på rutine og ikkje på slump.

Kva med å få tilsendt - på rutine - sakstilfanget til formannskaps- og bystyremøte?

Med helsing

Eikefjord grendeutval


Torleik Stegane
- skrivar -